

Protokoll frå møte i utdanningsutvalet 18.03.26

Stad: Muséplass 1 «Møterom 2» kl. 9-12

### **I Innkalling og dagsorden**

Innkallinga og dagsorden blei godkjent.

Éi sak blei meld på starten av møtet, sjå sak **14/26 Press på lesesalsplassar**

- Representanten for HF-fakultet og vara melde forfall.
- Stina Ringdal Strøm møtte for Haakon Johann Slang-Sundsetvik (student)
- Elisabeth Flo-Groeneboom melde fråfall frå klokka 11:40

### **II Protokoll frå møtet 27. januar 2026**

Protokollen blei godkjent.

### **III Orienteringar frå utvalsleiar og administrasjonen**

Christen Soleim (SA) orienterte om Sikt si høyring om bruk av studieprogram og studieretningar i nytt opptakssystem, og den interne prosessen for å svare.

Sigrunn Eliassen (prorektor for utdanning) orienterte om utlysinga Midlar til kvalitetsutvikling i utdanningane 2026, der det er sett av åtte millionar kroner til prosjektstønad, med søknadsfrist 8. mai. Prorektor orienterte også om det komande studieturen til Utrecht, og om kunnskapsdepartementet sin innspelsrunde i forbindelse med revisjon og vidareutvikling av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

### **Sak 7/26 Studentombodet sin årsrapport 2025**

Hanne Winther Martinusen og Karsten Olav Aarestrup, UiB sine studentombod, presenterte årsrapporten for 2025. Dei greia ut om erfaringane frå det siste året, og kva for tilrådingar dei har til Universitetet i Bergen for å betre situasjonen for UiB-studentar.

Studentomboda trakk særleg fram at mange studentar er uroa for KI-bruk og særleg at dei kan bli mistenkte for fusk. Studentomboda trakk også fram at det var eit uløyst behov for betre kommunikasjon og dokumentering i samband med praksisutplassering.

Utdanningsutvalet tok årsrapporten til orientering.

### **Sak 8/26 Ung-undersøkinga**

Jørgen Thune (KA) presenterte Ung-undersøkinga, om utviklingstrekk hjå norsk ungdom, 15-25 år. Ungdomen er i større grad enn tidlegare uroa for prisnivå og for framtida generelt. Interesse for fagområdet er det viktigaste for val av studium, deretter sikker jobb, og lønsnivå. Prestisjen til studiestaden er viktigare for mastersøkarane.

Utvalet tok opp ei rekke moment frå undersøkinga og implikasjonane for både rekruttering og for korleis utdanningane bør leggest opp, særleg i starten av studia.

Utdanningsutvalet tok saka til orientering.

### **Sak 9/26 Arbeidslivspraksis**

Prorektor innleidde kort om saka, og at praksis ved universitetet har fleire former og rammer: Det kan vere obligatorisk og ikkje-obligatorisk praksis, utdanningar underlagt skikka-vurdering, og forskjellige grader av nærleik mellom den framtidige yrkesutøvinga og innhaldet i praksisen som gjerne følger profesjon/disiplin.

Dei overordna krava til all praksis ligg i UiB sitt kvalitetssystem, og for ei rekke utdanningar finst det eigne forskrifter med krav til innhaldet (til dømes RETHOS for helseutdanningar). Utdanningsutvalet drøfta fleire forbetringsspunkt for praksis, inkludert:

- Behov for informasjonsflyt og klare kontaktpunkt for å sikre kvaliteten.
- Opplæring av og kontakt med praksisrettleiarane.
- Praksis ved UiB er eit breitt felt, og det er ikkje hensiktsmessig å lage eitt felles detaljert opplegg for universitetet sine praksisemne.
- Avklaring av skikka-vurdering: kva som er ansvaret til praksisstaden, kva som er ansvaret til universitetet og kva skal dokumenterast.
- Yrkesskadeforsikring: Er det praksisstaden, NAV eller universitetet som skal dekke?

Utvalet merkte seg også at praksis skal spegle mangfaldet som studentane vil møte i yrkesutøvinga, og trene studentane i å handtere dette. Det er derfor ikkje føremålstenleg å ta sikte på like opplevingar. Det blei også lagt vekt på at universitetet ikkje bør innføre dokumentasjonskrav som stel tida frå kjerneoppgåvene til undervisarar mv.

Utvalet la til grunn at Studieavdelinga og fakulteta arbeidar vidare med praksis.

### **Sak 10/26 Nasjonalt samordna masteropptak**

Saka handla om avgjersla om eit felles nasjonalt masteropptak frå og med 2028, og om dei alternative modellane som institusjonane skal spele inn til direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). UiB ønsker det som er omtala som modell 2 der sakshandsaminga er delt mellom førsteprioritet (generelle krav) og dei aktuelle institusjonane (fagleg vurdering). Det gjeld også dei andre BOTT-institusjonane.

Utvalet brukte også noko tid på å gjere opp status for søknader til UiB sine masterprogram, og implikasjonane av å kunne søke på éin søknadsportal: Nasjonalt har UiB åtte prosent av søkarane til master (to-årig), som er forholdsvis lågt. Studieprogramma med høg del eksterne søkarar har ofte også høge avslagstal på grunn av særskilte opptakskrav (fagleg bakgrunn).

Utvalet diskuterte UiBs posisjonering i lys av eit nasjonalt masteropptak, og særleg behovet for ein gjennomgang av svært spesifikke opptakskrav, med ambisjon om forenkling. Utvalet understreka samstundes at opptakssystemet ikkje kan vere styrande for faglege vurderingar om nødvendig fagleg bakgrunn.

Studieavdelinga reknar med at modellen vil bli sendt på høyring i heilskap, og at fakulteta og utdanningsutvalet vil bli koplå på i den samanhengen.

### **Sak 11/26 Videreutvikling av modellen for organisering og koordinering av lektorutdanningen**

Prorektor innleia om saka, og at ho er handsama i universitetsstyret. Lektorutdanninga har ei særskild organisering, formelt under Studieavdelinga med matrise-organisering mellom fagmiljøa.

Utvalet drøfta kva for krav organiseringa set til avgjersleprosessar, og særleg involvering av fakulteta og fagmiljøa. Sjølv om det er potensiale til forbetring knytt til avklaring av ansvar mellom organa så fungerer organiseringa av lektorprogramma godt.

Utdanningsutvalet tok saka til orientering.

### **Sak 12/26 Status for innføring av ny digital læringsplattform (LMS)**

Monica Jordheim innleidde om arbeidet med innføringa av nytt LMS (Canvas) – at det er ei fagleg og ei teknisk gruppe. NT-fakultetet og juridisk fakultet skal ta i bruk Canvas frå hausten 2026.

Utdanningsutvalet understreka viktigheita av god og målretta opplæring til fagleg tilsette, i samsvar med hovudprinsippa. Utvalet drøfta også, mellom anna

- Viktigheita av at mobilappen fungerer godt, og føringar for korleis læringsstoffet blir presentert.
- Konkrete forslag til modulstruktur for alle nye emne og forenkla standardmeny
- Korleis, og med utgangspunkt i kva for kriterium eksisterande emne skal migrerast.
- Kva for språk LMS-et skal ha som standard.

Utdanningsutvalet tok saka til orientering.

### **Sak 13/26 KI-tjeneste for effektivisering av formativ vurdering og tilbakemelding – behovsanalyse og anskaffelse, og invitasjon til deltakelse**

Saka dreidde seg om ei planlagt anskaffing av eit KI-basert verktøy som kan bidra til å gi faglege tilbakemeldingar til UiB-studentar. Medisinsk fakultet har noko erfaring med bruk av slike verktøy, og hadde meldt inn saka. Føremålet var å undersøke om nokon av dei andre fakulteta hadde eit liknande behov og ville vere med å avklare behov og planlegge anskaffinga.

Behovet for ei eiga slik teneste handlar om både datalagringsproblematikk, og om spesifisitet i kva tenesta kan levere der KI-verktøya universitetet har i dag ikkje kan levere høg nok kvalitet.

Medlemene i utdanningsutvalet var einige om å lufter behovet på sine fakultet, og melde tilbake.

### **Sak 14/26 Press på lesesalsplassar (eventuelt-sak)**

SV-fakultetet tok opp utfordringa med at det er veldig press på dei sentrumsnære lesesalane til fakultetet. Lesesalane skal vere reservert UiB-studentar, men studentar frå andre institusjonar bruker lesesalane, særleg i eksamensperioden.

Utdanningsutvalet drøfta om det var behov for meir kontroll på kven som bruker lesesalane, til dømes ved bruk av ID-sjekkar. Dette blir i dag vurdert som for inngripande mot studentane av UiB. Prorektor orienterte om eit kartleggingsarbeid i regi av Utdanning i Bergen.

Martin Kahrs Lie (SA) informerte om ein haldningskampanje, der eit oppdatert reglement for lesesalane er hengt opp, for å klargjere kven som kan bruke lesesalane til UiB. Læringsmiljøutvalet skal følge opp saka.